



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Den kulturelle skulesekken
Strategiplan 2010-2014

Vedteken i Fylkestinget 8. juni 2010, sak 28/10



Elever ved Hyen skule blir takka av dansaren Solveig Holte etter at dei deltok i kunst-prosjektet "Løype" i Hyen kyrkje hausten 2009. Foto: Margrethe Henden Araas

Den kulturelle skulesekken

er ei av dei fremste nasjonale satsingane
på kulturformidling til grunnskule og
vidaregåande opplæring i Noreg.

DEN KULTURELLE
SKULESEKKEN

Innhold

1	Innleiing.....	4
2	Mål og visjon	6
2.1	Sentrale mål og prinsipp	
2.2	Visjon	
3	Forankring	8
3.1	Nasjonal forankring	
3.2	Regional og lokal forankring	
4	Turneordning/formidling.....	10
4.1	Innleiing	
4.2	Ulike kunst- og kulturuttrykk	
4.3	Ansvar og satsing	
4.4	Fagmiljø, kompetanse og oppfølging	
5	Samanheng med andre ordningar	14
5.1	Kulturskulen	
5.2	Ungdommens kulturmönstring, UKM	
5.3	Den kulturelle skulesekken, DKS	
6	Vidare utvikling	16
6.1	Rammer for Den kulturelle skulesekken	
6.2	Viktige utfordringar	
6.3	Turneordning/formidling	
6.4	Utviklingsarbeid i kommunane	
6.5	Utviklingsarbeid i vidaregående opplæring	
6.5	Satsing på fagmiljø og kompetanse	
7	Strategiar for vidare utvikling	18
7.1	Overordna strategiar	
7.2	Strategiar for turneordning/formidling	
7.3	Strategiar for utviklingsarbeid i kommunane	
7.4	Strategiar for utviklingsarbeid i vidaregående opplæring	
7.5	Strategiar for fagmiljø og kompetanse	





Ein av hiphop-dansarane i framsyninga "Bust da Breakz" som turnerer i Sogn og Fjordane hausten 2010. Foto: Freestyle Phanatix.

Det innovative mennesket

I Den kulturelle skulesekken ligg det ei sterk satsing på estetiske læringsprosessar. Alle elevar, uansett bakgrunn og buplass, skal ha moglegheit til å tolke, erkjenne og forstå språk og uttrykk som er knytt til sansar, fantasi og kreativitet. Saman med læring av fakta-kunnskap, er kunst og kultur med og utvikle det heile mennesket. Vi snakkar om framtidsmennesket - det innovative mennesket, som skal forme samfunn og arbeidsplassar vi i dag berre ser konturane av.

1 Innleiing

Den kulturelle skulesekken (DKS) vart i 2001 vedteken som Stortinget si nasjonale satsing på kunst og kultur til barn og unge.

I Sogn og Fjordane starta DKS opp som eit prøveprosjekt våren 2002 for åtte kommunar og om lag 5000 elevar. Frå hausten 2004 var alle dei 26 kommunane i fylket, med sine om lag 15 500 elevar, med i ordninga. Same hausten vart lokale kultursekkar etablert, dvs lokale DKS-tilbod, som kommunane sjølv tok ansvar for.

Frå den tid har kommunane disponert 1/3-del av dei samla midlane som fylket får til DKS, som er om lag 4,3 millionar kroner. Dei kjem frå tippemiddel-overskotet til Norsk Tipping.

Utvidinga av DKS-tilbodet til vidaregåande opplæring starta i 2007, i samband med at Sogn og Fjordane vart valt ut til å delta som eit av sju pilotfylke i landet. Kyrkje - og kulturdepartementet forventa ei opptrapping over ein treårs-periode.

Modellane er ulike frå fylke til fylke. Frå hausten 2010 er DKS utvida frå ni til alle dei 13 vidaregåande skulane, og til vg3-elevane i tillegg til vg2-elevane. I tillegg får alle første års lærlingar eit DKS-tilbod.

Sidan 2004 har skulekonsertane vore det sentrale musikktilbodet i DKS. Alle kommunane i fylket deltek i Rikskonsertane si skulekonsertordning for grunnskulen.

Det nasjonale dataverktøyet KSYS er felles informasjonskanal til alle skulane og kommunane. Alle produksjonsmønster og turneplanar som gjeld Sogn og Fjordane ligg på sfj.ksys.no. Via desse nettsidene evaluerer også skulane tilboda dei får.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ansvar for ordninga, og samarbeider med alle kommunane, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og KS på overordna nivå.

Denne strategiplanen har som føremål å gjøre greie for Den kulturelle skulesekken som ordning, innhaldet i dag og strategiar for vidare utvikling i perioden 2010-2014. Han blir følgt opp av ein handlingsplan knytt til vedtekne strategiar.



Elever ved Kulturskulen i Eidskolen, saman med nokre kulturskulelærarar, deltekte på konsert for 5.-10.klasse. Professionelle aktørar er framme frå v.:



Visjon

Alle elevane i den 13-årige skulen i Sogn og Fjordane skal ha eit mangfold av tilbod innan kunst- og kultur som medverkar til kreativ tenking, utforskarktron og refleksjon. Ulike former og uttrykk som born og unge opplever i skuletida, skal gje ny kunnskap, større forståing og auka lærelyst. Kunst- og kultur skal virke saman med fagplanar i gjensidige, nyskapande synergiar.

Candoco Dance Company frå London er storsatsinga i Den kulturelle skulesekken i 2011.
Foto: Hugo Glendinning, [<http://www.candoco.co.uk>]

2 Mål og visjon

2.1 Sentrale mål og prinsipp

Kultur- og opplæringssektorane har frå Stortinget fått eit felles ansvar for å, gjennom DKS, medverke til at alle elevar i grunnskulen får **oppleve, kan gjere seg kjende med og utvikle forståing for** profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag. Måla for DKS, er:

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst - og kulturtilbod
- å legge til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjøre seg kjende med og utvikle forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål

DKS skal utformast og vurderast ut frå følgjande prinsipp for ordninga:

- Varig ordning
- For alle elevar
- Realisere mål i læreplanverket
- Høg kvalitet
- Kulturelt mangfold
- Breidde
- Regularitet
- Samarbeid kultur - skule
- Rollefordeling kultur - skule
- Lokal forankring og eigarskap

Vi vil her særleg framheve punktet "Høg kvalitet", etter som vi meiner at det er eit grunnleggande krav som må gjelde alle tilbod i DKS både lokalt og på fylkesnivå. Det inneber m.a. at vi må sikre profesjonelle utøvarar innan dei ulike uttrykka. I Stortingsmeldinga står det følgjande i utdjupinga: "Elevane skal møte profesjonelle

kunst- og kulturtild med høg kunstnarleg kvalitet".

Med **KVALITET** meiner vi at tilboda skal halde høgt nivå, både i form og innhald.


Mottakarane, elevar - og lærarar, skal kunne ha høge forventningar til opplevelinga eller møtet som skal skje, og få desse innfridde, om enn ikkje alltid slik dei hadde forventa.

Med **PROFESJONELLE** meiner vi at dei som gjennomfører eit tilbod skal ha høg kompetanse innan sitt fagområde, og fylle rolla som dyktige formidlarar. Mottakarane skal oppleve at Den kulturelle skulesekken er

noko ekstraordinært i skulekvarden, på same tid som tilboda skal vere ein naturleg del av den same kvarden.

2.2 Visjon

Alle elevane i den 13-årige skulen i Sogn og Fjordane skal ha eit mangfold av tilbod innan kunst- og kultur som medverkar til kreativ tenking, utforskarktron og refleksjon. Ulike former og uttrykk som born og unge opplever i skuletida, skal gje ny kunnskap, større forståing og auka lærelyst. Kunst- og kultur skal virke saman med fagplanar i gjensidige, nyskapande synergiar.



Rengobebilde måla av ein elev ved Trudvang skule, som ein del av verkstaden med bildekunstar og illustratør Stella East. Foto: Sogn Avis



Elin Grytting (t.v.) og Jens Brekke (midtren) deler ut kandissukker til elevar etter ei av dei mange framsyningane av "Kandissukker og lampeolje". Foto: Inger Haldis Aske Lote, Firda Tidend

Kunst, kultur og kulturarv

er identitetsskapande, og medverkar til å gjøre oss medvitne om kven vi er og kvar vi kjem ifrå.

3 Forankring

3.1 Nasjonal forankring

Den kulturelle skulesekken er tufta på St. meld. nr. 38 (202-2003) "Den kulturelle skulesekken", med tilhøyrande innstilling S. Innst. nr. 50 (2003-2004) - og St. meld. nr 8 (2007-2008) "Kulturell skulesekk for framtida", med innstilling S. Innst. nr. 200 (2007-2008).

I Stortingsmelding nr. 8 heiter det m.a. under overskrifta "Kulturell skulesekk for framtida": "Regjeringa har som mål at Noreg skal verte ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kunst og kultur i alle delar av samfunnslivet". Eit hovudmål skal vere "å medverke til gode vilkår for å skape og formidle kunst og kultur". Vidare står det: "Kunst, kultur og kulturarv er identitetsskapande, og medverkar til å gjøre oss medvitne om kven vi er og kvar vi kjem ifrå".

3.2 Regional og lokal forankring

Fylkesplanen 2005 - 2008 "Vegen vidare for

Sogn og Fjordane" (prolongert til ut 2010) er førande for fylkeskommunen og samarbeids-partane regionalt og lokalt. Overordna mål er å oppretthalde folketal og busetnads-mønster. Det blir lagt vekt på:

VERDISKAPINGA: "Å ta heile fylket i bruk ved å nytte kultur- og naturgrunnlaget på ein aktiv og berekraftig måte".

BU OG LEVE: "Å skape seg eit rikt og meiningsfylt liv der god helse, kultur og tilgjenge for alle i trygge og opne miljø er avgjerande verdiar."

KULTUR OG IDENTITET er eit av dei grunnleggande tema i planen:

"Gjennom aktiv kultursatsing kan identitetten styrkast og utviklast. Vi skal vere opne for, vise interesse for og skaffe oss kunnskap om ulike uttrykksmåtar og kulturar. Det må skapast ulike arenaer for desse. Skal ein lukkast, trengst ei meir profesjonell kunst- og kultursatsing med rot i den rurale vestlandske

kulturen, i godt samarbeid med dei gode amatørkreftene vi har i fylket".

Gjennom den fylkeskommunale kulturstrategien **"STRATEGISK PLAN FOR KULTUR-UTVIKLING I SOGN OG FJORDANE 2008 - 2011"**, vedteken av fylkestinget i juni 2008, er "Kunst og kultur som skapande krefter" eit eige satsingsområde:

"Vi vil: -

"Kultursekk" for alle aldersgrupper og miljø med auka bruk av profesjonelle krefter". Dette målet vil vi nå mellom anna ved å "skape fungerande arenaer for produksjon og formidling av kunst og kultur".

I kulturstrategien finn vi også eit satsingsområde under nemninga "Bu og leve", som m.a. framhevar ungdom som målgruppe: "Den sterke satsinga på kulturformidling til barn og unge, særleg gjennom Den kulturelle skulesekken, vil halde fram og vil bli styrka."





Skulane har jf. St.meld. nr.8 at ansvaret for å følgje opp tilboda i DKS med føre- og etterarbeid, sidan dei rår over den pedagogiske kompetansen. Dei har med andre ord eit sentralt ansvar for at tilbod frå Den kulturelle skulesekken får oppgåver og fordjupingsarbeid knytte til fagplanar og læringsmål, der det er naturleg.

4 Turneordning/formidling

4.1 Innleiing

Tilboda i Den kulturelle skulesekken har mange ulike former, frå reine opplevingstilbod som danseframSYNING og konser, - til tilbod som kombinerer formidling og eigenaktivitet, som t.d. innan visuell kunst.

I grunnskulen er det eit mål å gje alle dei om lag 15 000 elevane (noko redusert tal sidan starten) fire tilbod gjennom året fordelt på to tilbod i kvart semester. Musikk utgjer halvparten av det samla tilbodet. I vidaregåande opplæring gav fylkes-kommunen skuleåret 2009-2010 eit tilbod til alle vg2-elevane på ni skular, til saman 1 238 elevar. I tillegg fekk 400 lærlingar eige tilbod frå DKS dette året.

4.2 Ulike kunst- og kulturuttrykk

- **MUSIKK:** Alle elevar i grunnskulen får tilbod gjennom skulekonsertordninga til Riksconsertane, som er musikkdelen i Den kulturelle skulesekken. Seks av 12 årlege skulekonsert-turnear blir produsert i regi av fylkeskommunen.
- **SCENEKUNST:** Dei sentrale uttrykk innan denne fellesnemnaren, er teater og dans. Det er større tilgang til teaterproduksjonar enn til danseproduksjonar.
- **VISUELL KUNST:** Elevane skal presentera rast for bildekunst, kunsthåndverk, design og arkitektur. Dei skal også få møte profesjonelle kunstnarar.
- **LITTERATUR:** Dei siste åra har forteljartilbod blitt vektlagt, og tilbod som kombinerer uttrykk som teater og musikk. Nynorsk språk og litteratur er eit viktig utgangspunkt.
- **FILM:** Filmtilbod til elevar kan vere t.d.

møte med ein filmskapar eller filmverksstad.

- **KULTURARV:** Kulturminne, både materielle og immaterielle, blir formidla lokalt til elevere av lærarar, lokale tradisjonsberarar og gjennom tilbod på musea. Kulturarv i fylkestilboda er ofte knytt til t.d. scene-kunst og musikk.

4.3 Ansvar og satsing

Det er kultursektoren som skal legge til rette for eit godt og profesjonelt innhald i Den kulturelle skulesekken. Det kviler eit særleg ansvar på kommunane og fylkeskommunen å sikre at produksjonane som blir formidla har høg kvalitet.

Kvar kommune skal ha eit kulturforum leia av

sin kulturkontakt. Kulturforumet tar imot innspel, planlegg og ser til at lokale tiltak blir gjennomført i samsvar med lokal DKS-plan. Pengar frå overskotet til spelemidlane (Norsk Tipping) finansierer tilboda. Nokre kommunar løyer eigne midlar til dei lokale kultursekkane.

Vi ser store variasjonar i satsingar på DKS lokalt:

- Nokre kommunar har kulturkontakte som set av tid til koordinering, kallar inn kulturkontakte på skulane til faste møte og planlegg i god tid for neste skuleår.
- Andre kommunar slit med å få samla dei lokale kulturforum, og synast ikkje å makte å prioritere arbeidet med DKS-plan og lokale tilbod.



Eventyrraren Toreigrar S Higraff har inspirert mange lærarar med forteljinga om eventyrreisa over Stillehavet på ein balsafåte.

4.4 Fagmiljø, kompetanse og oppfølging

Fylkeskommunen har eit stort nettverk av utøvarar og grupper både frå eigen region og landet elles. Dette er fagmiljø som tilbyr både kompetanse, produksjonar, rådgjeving og kvalitetssikring.

Samarbeidspartar er m.a.: Frilandsgrupper, Sogn og Fjordane teater, Nynorsk kultursentrums, Musea i Sogn og Fjordane, Mediesenteret ved Firda vgs., Vestnorsk Filmsenter og einskildutøvarar innan ulike uttrykk.

Følgjande institusjonar er nasjonale aktørar knytt til Den kulturelle skulesekken:

- Rikskonsertane	Musikk
- Norsk scenekunstbruk	Scenekunst
- Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design	Visuell kunst
- Film & kino	Film
- ABM-utvikling	Kulturarv
- Norsk Forfattarsentrum	Litteratur

Ingen institusjonar i fylket er fast knytt til ordninga, men fylkeskommunen samarbeider breitt med mange. Vi ser det som viktig å stadig fornye og utvide kontaktnettet i regionen. Musea i Sogn og Fjordane er kon-

solidert til ei stor eining som vi gjerne vil samarbeide tettare med. Dei har samla ein stor formidlarkompetanse, og dei har alle gode arenaer for formidling. Det vil vere naturleg å diskutere med musea moglegerheiter for faste tilbod som kan rullere mellom dei ulike avdelingane.

Fylkeskommunen har gode fagmiljø i ulike eininger i kultursektoren, slik som Fylkesarkivet, Fylkesbiblioteket og ABM-eininga. Gjennom nettsida Skulestova.no er undervisningsressursar basert på stoff frå arkiv, bibliotek og museum tilgjengeleg for skulane. Fylkesbiblioteket har ei meir aktiv rolle i litteraturformidling. Ein bør vurdere ei endå betre samordning og utvikling av formidlingstilbod mellom fylkes- biblioteket og Den kulturelle skulesekken, lokalt og på fylkesnivå.

Skulane har jf. St.meld. nr.8 at ansvaret for å følgje opp tilboda i DKS med føre- og etterarbeid, sidan dei rår over den pedagogiske kompetansen. Dei har med andre ord eit sentralt ansvar for at tilbod frå Den kulturelle skulesekken får oppgåver og fordjupingsarbeid knytte til fagplanar og læringsmål, der det er naturleg.





Utdeling av Upris på Lillehammer. Aurlandsleiven Vilde T. Skjerdal saman med forfattaren Lar sMæhl, som vann prisen for boka "Landet under isen". Foto: Atle Vetti.

UPrisen 2010 er eit nasjonalt leseprosjekt

der ungdommar deltek som jury og skal kåre årets beste ungdomsroman. Fylkeskommunane vart utfordra til å delta med ein 9.klasse skuleåret 2009-2010. I samtalar mellom aktuelle partar i fylkeskommunen, kom det fram at UKM hadde pengar som kunne nyttast til føremålet. Slik kunne DKS ta på seg å vere koordinator for den nasjonale arrangøren, Foreningen!les.

5 Samanheng med andre ordningar

I tillegg til Stortinget si nasjonale satsing på Den kulturelle skulesekken, har alle fylke og kommunar to andre sentrale ordningar knytte til kulturpolitikken for born og unge: Dei kommunale kulturskulane og Ungdommens kulturmønstring (UKM).

5.1 Kulturskulen i kommunane
skal gje barn og unge tilbod om opplæring i musikk og andre kunstformer, i tillegg til den obligatoriske opplæringa på grunnskulen. Mange stader vil ressursar i kulturskulen også bli nytta i grunnskulen, gjennom delstillingar både stader - eller gjennom samarbeidsprosjekt. Per mars 2010 har 24 av 26 kommunar kulturskuluar. Heile 16 av dei deltek i prosjektet Kulturskulefokus i regi av Norsk Kulturskuleråd. (Like mange skular er med frå Møre og Romsdal). Prosjektet varer i tre år, 2008-2011, og er eit ledd i å inspirere alle kulturskulane til å bli lokale ressurssenter. Lærarar og rektorar møtast til nettverkssamlingar to gongar i året, og i tillegg blir det skipa til eigne fagdagar.

5.2 Ungdommens kulturmønstring,
UKM er eit landsomfattande tiltak som først og fremst handlar om aktivitet. Gjennom ei rekke lokale og regionale mønstringar får barn og unge opptre med ulike innslag og treffen andre kulturinteresserte på sin eigen alder. Ungdommens kulturmønstring satsar på å gje aktørene gode sceneforhold og profesjonell presentasjon.

5.3 Den kulturelle skulesekken,
DKS, har *opplevinga* som ein sentral dimensjon. Eit godt samspel mellom DKS og dei andre ordningane vil gje den beste vinsten for læremiljøa til born og unge. Det er utforma ein intsjonsavtale mellom dei nasjonale organisasjonane som skal medverke til eit sterkare og meir koordinert samarbeid både lokalt, regionalt og nasjonalt. Sentrale stikkord i avtalen er møtepunkt, synleggjering av samarbeid (beste praksis) og felles prosjekt i høve t.d. talentutvikling.

EIT DØME PÅ SAMARBEID

UPrisen 2010 er eit nasjonalt leseprosjekt der ungdommar deltek som jury og skal kåre årets beste ungdomsroman. Fylkeskommunane vart utfordra til å delta med ein 9.klasse skuleåret 2009-2010. I samtalar mellom aktuelle partar i fylkeskommunen, kom det fram at UKM hadde pengar som kunne nyttast til føremålet. Slik kunne DKS ta på seg å vere koordinator for den nasjonale arrangøren, Foreningen!les. Vi valde i fellesskap ut 9.klassen ved Aurland ungdomsskule, og sytte m.a. for at elevane fekk opplæring av ein profesjonell kritikar i korleis dei skal vurdere ungdomslitteratur.

Ein lærar og to elevar har delteke på nasjonale jurysamlingar. Heile klassen på 20 elevar har fått ei ny innsikt i kva som kjenneteiknar god litteratur - og vonleg har dei fått auka leselyst. Truleg har fylkeskommunen etablert ein samarbeidspraksis som gjer det mogleg å gje stadig nye elevar sjansen til å delta.





Lærarar frå Sogn på kurs i formidling av utstillinga "Bå fjellet blei oppdaga".
Foto: Margrethe Henden Aaraas.

Dei som til ei kvart tid arbeider med DKS, har eit særleg ansvar for å delta i dialogar som søker å utvikle samarbeidsformer og initiere samarbeid med nye kunst- og kulturaktørar.

6 Vidare utvikling og satsingsområde

6.1 Rammer for Den kulturelle skulesekken

For framtida ønskjer vi desse råmene for arbeidet:

- At alle elevane i grunnskulen skal få fire tilbod kvar per år
- At alle vg2- og vg3-elevar, og førsteårs lærlingane, får minst eitt tilbod per år
- At alle kommunar i fylket vedtek politisk forankra avtalar som sikrar gjennomføring av lokale satsingar i samsvar med inten-sjonane i ordninga
- At det blir etablert styringsor-gan/ansvarsgrupper på regionalt nivå med utgangspunkt i at DKS er eit varig tiltak

6.2 Viktige utfordringar

Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane har hatt ei god utvikling sidan starten i våren 2002. Ei viktig utfordring i

framhaldet blir å halde oppe omfanget og utvikle **mangfoldet** av kultur- og kunstopplevingar. Vidare blir det viktig å stadig sikre at tilboda held **høg kvalitet**.

Vi trur at ei meir medviten og **politisk forankra satsing** på lokale DKS-tilbod til elevane i grunnskulen, vil gje kommunane eit svært godt verktøy i det lokale kulturarbeidet. Fylkeskommunen vil utfordre kommunane til å prioritere dette. Tilsvarande må fylkeskommunen forankre sitt arbeid politisk ved at endeleg strategiplan for perioden 2010-2014 blir vedteken i fylkestinget.

Kulturkontaktane i kommunane, og på den einskilde skule, vil få innsikt og inspirasjon til arbeidet ved å delta på den årlege DKS-konferansen som fylkeskommunen skipar til saman med fylkesmannen. Vi oppmodar alle skular om å sende minst to frå kollegiet på

våre konferansar, i tillegg til rektor/representant for leiinga.

Ein viktig føresetnad for å kunne sikre mangfold og kvalitet i DKS-tilboda, er at økonomien i ordninga er i samsvar med kostnadane. I Sogn og Fjordane har vi ein infrastruktur med store avstandar til sentrale kulturstasjonar og krevjande reiseruter, som påfører oss ekstrakostnader i form av auka tidsbruk og transport m.m.

I rammeløyvinga frå Stortinget er det etter vår mening ikkje teke høgde for desse utfordringane, som vi deler med andre distriktsfylke (som t.d. Møre og Romsdal, Hordaland, Nordland, Troms og Finnmark).

6.3 Turneordning/formidling

Tilboda i turneordninga som fylket organiserer, skal også i framhaldet vere kjenneteikna av prinsippa som er lagt til grunn i St. m 8.



Ungdomsskulekonsert med gruppa 68 Experience på Meieriet i Sogndal. Foto: Øyvind Lyslo.

(jf. pkt. 2.1). Nye formidlingsformer og satsingar skal vere ein del av ei kontinuerleg vurdering i utveljinga. Det er samstundes viktig å vere medvitne om kulturarv og særpreg som DKS skal og bør ivareta i eigen region, som folkemusikk og - dans, og nynorsk språk.

6.4 Utviklingsarbeid i kommunane

Det er ulikt i kommunane i kva grad dei sjølve klarer å prioritere lokalt DKS-arbeid, og i kva grad skulane følgjer opp ulike tilbod med føre- og etterarbeid (jf. pkt. 4.4).

Fylkeskommunen ønskjer å vere ein nyttig støttespelarar for kommunane.

Gjennom erfaringsutveksling (DKS-konferansen), direkte rådgjeving og informasjonsarbeid kan fylkeskommunen medverke til å dyktiggjøre lokale kulturforum og kulturkontaktane.

Elevane bør i sterkare grad nyttast som ressursar i samband med arrangement. Så langt det er råd, bør lokale miljø knytte til UKM og kulturskulane, vurdere synergiar som kan stimulerast gjennom tettare band med DKS lokalt. Vi vil at alle dei tre miljøa har jamleg dialog og set i verk tiltak som kan styrke elevane som kulturelle aktørar i skule og fritid.

6.5 Utviklingsarbeid i vidaregåande opplæring

Saman med dei 13 vidaregåande skulane skal tilsette med DKS som arbeidsfelt vere med og utvikle gode rutinar for å ta i mot tilbod og aktørar innan kunst- og kulturfeltet.

Dette har vore tema på skulebesøka som inkluderer informasjon til heile kollegiet.

Utvalet av tilbod må skje i dialog mellom avdelingane kultur og opplæring i fylkeskommunen - og rektorkollektivet. Partane må gjennom samtalar finne ein eigna modell som sikrar god kontakt dei imellom. Det vil vere ei føremon om ein i denne modellen gir rom for at brukarane, dvs. elevane, har eit talerør.

Tilliks med grunnskulen, vil det i vidaregåande skule vere naturleg at elevar også tar del i planlegging og gjennomføring av arrangement. Eigarskap til tilboda vil kunne bidra til ei meir positiv tilnærming både i høve oppleving/deltaking.

Tilbod blir gjeve i hovudsak på dei einskilde skulane, eller på eigna scener i nærområdet. Ei føremon med større framsyninga på store scener som Operaen på Eid, vil vere at elevar frå ulike skular får møtast og saman oppleve store kulturhendingar.

6.6 Fagmiljø og kompetanse

Fylkeskommunen må sikre at eigne tilsette har rett kompetanse, og at denne blir nytta på beste måte. Sentrale stikkord i denne samanhengen, er oppdatert fagleg og organisatorisk kompetanse, tilknyting til både kulturnettverk og skulenettverk - og ressurs for både kunstmiljø og skulesektor.

Skulesektorane har, som før nemnt, eit sjølvstendig ansvar for DKS på dei områda der skulesektor sit med den sentrale kompetansen. I St. m. 8 står det m.a. i kap. 3.2: "Det er viktig at skulen legg til rette for og planlegg eventuelt pedagogisk arbeid i føre- og etterkant" ... og "Det er avgjerande at skulen er positiv til å implementere Den kulturelle skulesekken på ein aktiv og inkluderande måte".

Dei som til ei kvart tid arbeider med DKS, har eit særleg ansvar for å delta i dialogar som søker å utvikle samarbeidsformer og initiere samarbeid med nye kunst- og kulturaktørar.



Elever på Bulandet skule byggjer stavkyrkje i miniatyrutgåve. Foto: Bulandet skule.



Sigríð T. Moldestad og bandet hennar reiste på sin første turné med framsyninga "Taus" til vidaregåande skular i Sogn og Fjordane, i regi av Den kulturelle skulesekken.

Foto: Per Svein Reed.

Elevane som får DKS-tilbod i vgo, inkludert første års lærlingar, skal kunne oppleve og delta i kunst- og kulturopplevelser på eigen skule, men også fra tid til annan kunne møtast på dei store kulturhusa og oppleve større oppsetjingar der.

7 Strategiar for arbeidet vidare

7.1 Overordna strategiar

- Fylkeskommunen skal sikre tilstrekkelege arbeidsressursar og økonomi som tek ivare og følger opp utviklingsarbeidet i fylket og kommunane. Som eit ledd i dette arbeidet vil vi argumentere for at Stortinget i sine DKS-løyvingar tek særskilt omsyn til distriktsfylka sine utfordringar (jf pkt 6.2), og aukar råmene i statstilskotet som blir henta frå overskotet til Norsk Tipping sine spelemidlar.
- Det skal utformast ein organisasjonsmodell som er enkel i forma. Organ som skal ha innverknad på arbeidet med DKS skal ha tydelege mandat.
- Fylkeskommunen skal, i nær dialog med kommunane, utforme nye, gjensidig bindande avtalar som legg føringer for satsningsnivå, omfang og prinsipp for DKS-arbeidet i kommunane og mellom fylket og kommunane.
- Fylkeskommunen vil oppmøde kommunane om at dei i sine politisk planar sikrar ressursar til det lokale arbeidet med DKS. I dette ligg også ressursar til lokal inspirasjon og kompetanseutvikling.
- Vi ber alle skular om å velje ein kulturkontakt (hovudkontakt) frå leiinga.

7.2 Strategiar for turneordning/formidling

- Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane skal vere prega av mangfold og høg kvalitet.
- Fylkeskommunen skal innan utgangen av 2010 vitalisere organisasjonsstrukturen og etablere eit programråd for dei samla tilboda i DKS.
- Ansvaret som ligg til fylkesmannen si

utdanningsavdeling (grunnskulen) og opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, skal konkretiserast (jf pkt 4.4 og 6.4).

7.3 Strategiar for utviklingsarbeid i kommunane

- Fylkeskommunen vil i perioden gjennomføre regionbesøk og ev besøk til einkskild-kommunar for å styrke lokale satsingar og organisering. Vi oppmodar både kommuneleiing, skuleleiing og politisk leiing om å delta. Deltakarane må forplikte seg på å vidareføre informasjon og kunnskap til sine kollegum.
- I samråd med kommunane og skulane vil fylkeskommunen prioritere særskilte satsingar som oppfølging av kurs i elevarrangering, fleire skulebesøk i kombinasjon med deltaking på DKS-framsyningar og utvikling av nettbasert ressursbase innan ulike kunst- og kulturuttrykk.
- På den årlege DKS-konferansen skal fylkeskommunen synleggjere moglege samarbeid mellom dei tre sentrale kulturopplevelsingane (jf. kap. 5) som gjeld born og unge i Norge: kulturskulane, UKM og DKS. På fylkesnivå bør DKS initiere minst eitt slikt samarbeid årleg.

7.4 Strategiar for utviklingsarbeid i vidaregåande opplæring

- Alle dei 13 vidaregåande skulane i fylket skal innan utgangen av 2010 vere følgt opp med skulebesøk i samsvar med praksis som vart innført hausten 2007.
- Det blir etablert ei kontaktforum for dei vidaregåande skulane som sikrar skulane si involvering i DKS-tilboda, både med

omsyn til utveljing, realisering av mål i læreplanverket, praktisk tilrettelegging og elevmedverknad.

- Dei vidaregåande skulane bør også i framhaldet ha obligatorisk frammøte på DKS-konferansen i september, sidan kompetansesetiltak som blir gjennomført der er direkte knytte til framsyningar dei vidaregåande skulane har gjennom skuleåret.
- Elevane som får DKS-tilbod i vgo, inkludert første års lærlingar, skal kunne oppleve og delta i kunst- og kulturopplevelser på eigen skule, men også frå tid til annan kunne møtast på dei store kulturhusa og oppleve større oppsetjingar der.

7.5 Strategiar for fagmiljø og kompetanse

- Fylkeskommunen skal i sin årsplan for DKS kunne vise til målretta satsing på kompetanseheving for eigne tilsette.
- Skulesektorane i fylke og kommune blir utfordra til å konkretisere sine ansvarsområde jf pkt. 4.4.
- Fylkeskommunen skal ta del på nye arenaer for å utvikle og utvide nettverk i høve arbeidet med DKS lokalt og i fylket. Vi vil oppmuntre institusjonar, frigrupper og enkeltaktørar om å gjere det same.
- DKS-konferansen skal vere ein arena der både skuleleiing, lærarar, kunstnarar og politikarar kan møtast for å auke kultur- og skulekompetanse.

Litteratur og bakgrunnsmateriale

- St. meld. nr. 38 (2002-2003) "Den kulturelle skulesekken", med tilhøyrande S. Innst. nr. 50 (2003-2004), og
- St. meld. nr 8 (2007-2008) "Kulturell skulesekk for framtida", med tilhøyrande S. Innst. nr. 200 (2007-2008).
- St. meld. nr. 24 (2008-209) Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv
- St.meld. nr. 23 (2008-2009) Bibliotek; Kunnskapsalmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid
- St. meld. nr. 30 (2003-2004) "Kultur for læring"
- "Skapende læring - Strategi for kunst og kultur i opplæringen 2007-2010".
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet
- Strategisk plan for kulturutvikling i Sogn og Fjordane 2008 - 2011
- Fylkesplanen 2008-2008 (prolongert til 2010)
- Høyringsfråsegner til Utviklingsplanen (høyringsutkast) - frå kommunar



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Kulturavdelinga

Pb. 173

6801 Førde

Tlf 57 65 61 00

E-post: postmottak.kultur@sfj.no

www.sfj.no

sfj.ksys.no